

Rettferdig overgang inn i framtida

Av Olav Fykse Tveit, generalsekretær i Kirkenes verdensråd

Innlegg på klimakonferansen "Broen til framtiden" i Oslo, 17. februar 2017

«Vi må ha trua»

Då eg var russ på Hallingdal Gymnas i 1979, var det ein kamerat som hadde skrive på russekortet sitt: «Alle klagar på veret, men ingen gjer noko med det.» Og vi lo. Då eg 9 år seinare var feltprest i militæret, var ein av standardkommentarane i messa å takke presten for at eg hadde ordna med godver til vinterøvelsen. Og vi lo.

I dag ler vi ikkje lenger. «Nokon må gripe inn», heiter Svein Toralf Bjella frå Ål sitt songspel som går på Det norske teateret. For eit par år sidan las eg eit intervju i Hallingdølen med ein av klassekameratane mine som hadde jobba som fysikar for FN sitt klimapanel. Til slutt fekk han spørsmålet: Kan vi gjere noko med dette? Og han svarte: Ja, vi må ha trua, trua på at vi kan endre dette.

Dei siste 7 åra har eg leia ein organisasjon av 348 kyrkjer i verda, Kirkenes verdensråd. Der har eg fått ansvar for kva det vil seie å gjere noko med det, å arbeide for at nokon må gripe inn, og for å seie at vi må ha trua. Saman med folk som trur, eller trur litt annleis enn oss, har KV hatt ansvar for å kordinere dei såkalla «faith-based organizations» på alle COP-møte, og bidra til at det vert framført klare meldingar frå desse organisasjonane til dei som forhandla på vegner av nasjonalstatene.

I 1974 innkalte KV til eit møte i Bucaresti for å drøfte planar vidare. Der vart eit ord til som sidan har betydd mykje for å få fram kva som er vårt mål, også for ein konferanse som den vi har i dag: «Sustainability». Året etter samla ein seg om agendaen: «A Just, peaceful and sustainable society». Ein såg desse spørsmåla frå ulike kantar av verda. Ein tok til å lytte til representantar frå øyene i Stillehavet eller frå land i Afrika som observerte kva som skjedde med klimaet og havet, som gjorde det uleveleg å vere det. Nokre år seinare, når ein lærte meir om kva som skjedde og kva som var samanhengane, om kva slags urettferdig verd vi hadde der dei rike ikkje berre var rike og dei fattige ikkje berre var fattige, men der dei rike hadde bygd opp sin velstand og sin sterke økonomi på energibruk som hadde gjeve utslepp som no gjorde dei fattige endå meir sårbare. Ein begynte å bruke endå eit nytt ord i Kirkenes verdensråd: «Ecojustice». Øko-rettferd.

Eg har møtt mange som ikkje berre snakkar om veret, men som har trua. Om dei trur på ein Gud eller ikkje. Mange gjer det, og nettopp difor vil dei vere med og forandre denne verda. Og dei er viljuge til å samarbeide med alle av god vilje og god tru. Slik vi markerte det før Paris-møtet ved å ta initiativ til at «klima-pilegrimar» gjekk mot Paris, frå ulike land og

kontinent. Vi overleverte meir enn 1.8 millionar underskrifter frå denne klimapilegrimsreisa til Cristina Fibueges, som leia arbeidet i Paris. Det gjorde inntrykk, sterkt inntrykk.

Det er vi som må gripe inn, saman. Brua til framtida må byggjast nesten ut frå same prinsippet som at båten vert til medan ein ror. For å byggje bru til framtida er å byggje bru under svært raske endringar. Så raskt at ein treng ikkje vere profet for å sjå at noko endrar seg; ein treng heller ikkje vere truande for å verte litt apokalyptisk og frykte for det som kan kome til å skje og som vi ser teikn til at skjer. Slik sett kan vel dei som skal ta tak i klimaendringane klare seg bra utan religiøse grupper, prestar, biskopar, imanar, rabbiar osv.

Det er dei mest nøkterne mellom oss som gir oss perspektiva til å verte svært bekymra av. Forskarar frå NASA har registrert ein stabil auke i dei globale temperaturane dei siste åra. 2016 er no det varmaste året som nokosinne er målt, og det slår rekorden frå 2015, som igjen slo rekorden frå 2014. Faktisk har 16 av dei 17 varmaste åra som nokon gong har vore dokumenterte, funne stad i dette hundreåret.

Særleg aktuelt for oss i Noreg er det at også temperaturane i Arktis var rekordhøge i 2016. Denne vinteren – då enkelte område var 20 °C varmare enn normalt – trakk Ishavet seg tilbake og førte til at havsdekket krympa, pakkisen smelta og havet blei forsura. Alt dette er med på å skade det eineståande vakre, men stadig meir sårbare økosystemet i arktiske strok. Fenomenet reduserer òg den evna Arktis har til å reflektere varmen tilbake i verdsrommet, og slik akselererer oppvarminga av planeten Jorda.

Urfolka i Arktis og i andre regionar er blant dei som er i frontlinja når det gjeld klimaendringane. Dei legg merke til uvanlege endringar – i værmønstra, i snøkvaliteten og -mengda, i vegetasjonen og i talet på selar og andre arktiske dyr – som allereie påverkar dei tradisjonelle levemåtane deira. Samtidig har desse gruppene ei særskild innsikt i og haldning til skaparverket som vi kan lære mykje av.

Også i andre delar av verda merkar millionar av menneske konsekvensane av klimaendringane. Tørkeramma gardar og landsbyar i Afrika, Asia og Latin-Amerika, stillehavssøyar som forsvinn, grasbrannar på den sørlege halvkula og flaumar i nordamerikanske og europeiske byar som ingen har sett maken til – alle desse hendingane vitnar om dei øydeleggjande konsekvensane klimaendringane har på folks dagleliv og eksistensgrunnlag.

Det kan vere verdt å gjenta at kostnadane som er knytte til klimaendringane, i uforholdsmessig stor grad fell på fattige land som har knapt med ressursar til å tilpasse seg den raske oppvarminga av klimaet, og på dei sosioøkonomisk vanskelegstilte – som mange livnærer seg av jorda, bur i skrøpelege skur og ikkje har noka form for forsikring.

Det er dei meir velst  ande landa (og det er inkludert Noreg) og dei velst  ande gruppene i samfunnet – p   jakt etter økonomisk oppgang og ein viss livsstil – som historisk sett har ansvaret for den menneskeskapte oppvarminga. Plikta ligg derfor p   landa v  re – p   oss – til raskt ´ gjennomf  re drastiske tiltak.

Difor trengst det mange ulike s  yler i bruva inn i framtida, og dei m   koordinerast slik at dei kan st  tte opp under den same bruva. Ingen kan byggje denne bruva   leine. Difor er det viktig med slike konferansar som i dag.

Det er det som er det store byggeprosjektet for tida, for alle menneske og institusjonar og statar som vil vere med: ´ byggje ei b  rekraftig bru til framtida som alle kan g   pa.

Ein rettferdig overgang

Thomas Picketty, økonom og forfattar av boka *Kapitalen i det 21.   rhundre*, meiner at den st  rste utfordringa i vår tid er auken i ulikskap og global oppvarming. Vi m   derfor, seier han vidare, innf  re internasjonale avtalar som set oss i stand til ´ reagere p   desse utfordringane, og til ´ fremje ein modell for rettferdig og berekraftig utvikling.

Etter mange   rs arbeid for ´ komme fram til ein global klimaavtale kan vi no feire at den historiske Paris-avtalen trer i kraft, og at 2030-agendaen for berekraftig utvikling er vedteken. Men det er no det faktiske arbeidet startar, b  de p   globalt niv   og i v  rt eige land.

Dei gode nyheitene er at vi meir eller mindre veit kva retning vi b  r bevege oss i.

Om vi skal unng   dei verste konsekvensane av den klimatiske og økologiske krisa vi i dag st  r i kan vi gjere det ved ´ investere stort i reine, fornybare energisystem og tilpassingsdyktigheita til lokalsamfunna, ved ´ innf  re grunnleggjande endringar i produksjons-, distribusjons- og forbruksm  nstra og ved ´ utfordre samfunnet sin tvangstanke om økonomisk vekst og materiell velstand for einkvar pris.

Eit slikt «gr  nt skifte», som eg har nemnt f  r, m   byggje p   prinsippa om likskap og rettferd – s  relig i v  r eiga tid, prega av enorme skilje mellom fattig og rik. Analytikaren Tom Athanasiou understreka at klimakrisa og ulikskapen er to sider av same sak. Han seier at vi m   krevje «ein klimatisk overgang som samtidig og synleg gir ein oppsving i retning økonomisk og utviklingsmessig rettferd». For vi kan ikkje eigentleg handtere det eine utan ´ takle det andre, og det ´ forst   denne ibuande samanhengen er heilt avgjerande for ´ kunne finne reelle l  ysingar.

Med andre ord: Vi treng ein «rettferdig overgang».

På globalt nivå, og innanfor rammene av Paris-avtalen, inneber det at styresmaktene i velståande nasjonar som vår eigen må sikre meir omfattande, gjennomsiktig og berekraftig støtte til fattige og sårbare nasjonar. I tillegg må vi sørge for at dei ulike gjennomføringsmekanismane i samband med avtalen – som tilpassing, tap og skade, kapasitetsbygging og finansiering – blir utarbeidde slik at dei faktisk set fattige nasjonar i stand til å byggje opp motstand mot klimaendringane og gå opp nye lågutsleppsvegar for å kunne oppnå sosioøkonomisk velferd. Med president Donald Trump som leiar for regjeringa i ein av verdas største utsleppsnasjonar har vi litt å jobbe med, det skal innrømmast.

Men sjølv om vi hadde hatt ein meir miljøvennleg president ved roret i USA, ville det ikkje vere nok å arbeide etter denne avgjerande globale agendaen. Vi må òg arbeide lokalt. «Det grøne skiftet» handlar om enorme endringar – endringar som kjem til å verke splittande og føre med seg offer og smerte, men også endringar som representerer økonomiske moglegheiter. Vi har heilt opplagt mykje «heimearbeid» å gjere.

På nasjonalt nivå vil ein «rettferdig overgang» bety å verne dei som er og kjem til å bli mest påverka av det presserande behovet for å redusere utsleppa og tilpasse seg klimaendringane, til dømes ved å sørge for støtte til arbeidslause, pensjon, helsetenester for alle og andre former for sosial tryggleik. Det ville bety å halde ansvarleg bedrifter som er skyld i skadeleg forureining, og sikre at dei ryddar opp etter seg og betaler kompensasjon til offera. Det ville òg bety å garantere levebrødet til folk, mellom anna ved å tilby høveleg opplæring og utdanning til oppsagde arbeidarar og sikre at eventuell økonomisk gevinst faktisk kjem samfunna til gode i staden for å hamne i hendene på nokre få, store selskap.

Visjon, dialog, partnarskap og leiarskap

Ein «rettferdig overgang» treng ein visjon. Visjonen må byggje på og få næringa si frå gode verdiar – mange av dei felles for trussamfunna i verda: medkjensle, gjensidigkeit og liknande. Dette er viktige bidrag frå trussamfunna til agendaen for å nå måla om berekraftig utvikling. Det å vere del av eit trussamfunn betyr òg at ein er del av eit samfunn bortanfor dei nasjonale grensene, og at ein står i samband med brør og søstrer i andre delar av verda. Bodskapen frå trussamfunna i det økumeniske nettverket blir tydelegare og sterkare for kvar dag: Klimaendringane er verkelege, dei går hardast ut over dei sårbare, og dei som kan, må gå først på vegen mot endring.

Ein «rettferdig overgang» krev omfattande og ekte politisk og samfunnsbasert semje. Det krev ein inngåande og kritisk dialog om konsekvensane av, behova i samband med og forventingane til ein slik overgang, mellom landa og på alle samfunnsområde: arbeidarane, næringslivet, regjeringa, samfunnsborgarane, medrekna trusbaserete organisasjonar, og så vidare. Det krev òg partnarskap på tvers av nasjonane og gruppene som er bygde på dialog – partnarskap som handlar om velferda til menneska og det å verne om planeten.

Ein «rettferdig overgang» fører med seg nye retningar for næringsliv og investeringar, politiske val og moralsk og åndeleg inspirasjon. Desse kan igjen krevje andre typar leiarskap. Meir enn nokosinne treng vi leiarskap som byggjer på ansvarskjensle. Slike leiarskap kan sjølv sagt ikkje vere tufta på ei «postfaktuell» tilnærming som nektar for dagens økologiske og sosioøkonomiske realitetar.

I staden treng vi næringslivsleiarar som kan sjå lenger enn til fortene stemarginar og aksjonæravkasting. Vi treng politiske leiarar som ikkje er låste til tanken om vekst for veksten sin eigen del, eller til interessene i finanssektoren og andre mektige lobbygrupper, men som har mot og vilje til å treffe vanskelege avgjerder til vårt felles beste, ikkje berre til fordel for ein privilegert elite. Vi treng òg religiøse leiarar som uavlateleg må minne oss på kva dei moralske og åndelege verdiane våre lærer oss: Vi må først og fremst ta oss av dei som er i størst nød – brør og søstrer som lever i fattigdom – og ta oss av den fantastiske gava som skaparverket er.

Det er ikkje tvil om at kvar og éin av oss, og alle sektorar, har ei viktig rolle å spele. Det er likevel viktig å framheve at næringslivet – i samarbeid med samfunna og styresmaktene – kan ha særleg stor innverknad, ikkje minst ved at dei betaler sin del av skattane som kan bidra til å finansiere offentlege program for sosialomsorg, investere i rein og fornybar energi og klimarobust jordbruk og infrastruktur, produsere med økologiske metodar – og skape anstendige arbeidsplassar som kan brødfø familiane.

Noreg som døme

Vårt eige land, Noreg – med ein velstand som historisk sett byggjer på utvinning av fossilt brensel, har akkurat no ein eineståande sjanse til å bidra til eit «grønt skifte».

I juni 2015 melde det statlege pensjonsfondet, òg kalla oljefondet (fordi det hovudsakleg kjem frå skattlegging av oljeselskapa), at det ville selje aksjane i selskap som er sterkt engasjerte i produksjon og bruk av kol. Oljefondet var slett ikkje den første institusjonen som valde å gjere dette; Verdsrådet til kyrkjene var blant dei som selde seg ut av fossile brensel i 2014, og nokre av medlemskyrkjene har følgt etter. Oljefondet si avhending er likevel viktig, ikkje minst fordi vi her snakkar om verdas største statseigde fond med nesten 900 milliardar amerikanske dollar i investeringar. Avhendinga er likevel ikkje, og bør ikkje vere, siste ord i saka.

I vår kjem Stortinget til å treffen ei viktig avgjerd, nemleg om oljefondet skal ha lov til å investere i ulista infrastruktur. Ei positiv avgjerd kan frigjere enorme investeringar i rein og fornybar energi. Det ville ikkje berre vere bra for det kriseramma klimaet, det ville òg vere bra for helsa i mange samfunn og førebyggje for tidleg død og sjukdom som skriv seg frå luftforureining. Det ville vere bra for den globale økonomien, og det kunne skape «grøne

jobbar» i ein sektor for fornybar energi som allereie veks raskt, som kan kompensere for dei jobbane som vil gå tapt. Det å investere i løysingar som solpanel, som er lett å montere sjølv i fjerntliggende landsbyar, ville òg vere bra for dei fattige i verda, som no har dårleg tilgang til rimeleg energi.

Mange leiarar for trussamfunn er einige i dette. På den siste klimakonferansen i Marrakech oppmoda meir enn 300 religjøse leiarar – mellom anna Dalai Lama, erkebiskop emeritus av Cape Town Desmond Tutu og eg – til eit «kollektivt skifte for statseigde fond og offentlege pensjonsfond bort frå fossile brensel og over til fornybar energi og andre klimaløysingar».

Ved å selje og gå bort frå forureinande energi og investere pengane i reine og fornybare energitypar kan Noreg bli eit føregangsland.

Rett til å håpe

Håp er stor mangelvare om dagen. Vi må likevel minne oss sjølve på at vi faktisk har dei midlane som skal til – økonomi (verda har aldri vore meir velståande), vitskap og teknologi (kvar dag gjer vi svimlande framsteg) – for å takle dei uløyseleg samanbundne utfordringane som er knytte til klimaendringar og ulikskap. Det er mogeleg.

Då eg skulle halde sluttinnlegg under plenumsdebatten i Paris, på vegner av «faith-based organizations» (vi sto naturleg nok ikkje først på talarlista, men det er ikkje så dårleg å få det siste ordet, heller), valde eg å seie noko anna enn det vi vanlegvis seier ved slike høve om kva som må endrast, og framføre ein sakleg og skarp kritikk av dei store og sterkaste som ikkje har gjort dei endringane som må til. Eg velde ein heilt annan vinkel på mine tre minutt. Eg sa at vi er samla i Paris fordi menneske overalt i verda har ein menneskerett til å håpe. Dei har ein rett til å håpe at dei mange som har makt, og ulike maktmiddel i hendene, politkarar, forskarar, næringsliv, investorar, fagrørsler, folkelege bevegelsar, religjøse grupper og leiarar skjønar alvoret og at no må det handlast. Med alle tilgjengelege middel må vi gripe inn. No er tida for å lage avtalar og for å følgje dei opp.

Vi må berre rive oss laus frå destruktive økonomiske system og tankegangar og begynne å drøyme om og arbeide saman for ei framtid som høyrer til oss *alle*, også barnebarna våre og deira barnebarn igjen.

Dersom vi skal byggje brua til framtida, treng vi at menneske har trua, at menneske trur på det dei håpar, at menneske gjer meir enn å ønskje kvarandre god jul og godt nytt år, men byggjer noko saman som kan bære, endringar som har kraft til å bære oss alle inn i framtida, men også skape ei bru som varer, som vil «sustain». Uansett vår – også om vi talar om politisk og økonomisk vår.

Vi har rett til å håpe.